

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 07.05.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Ivar Eriksen  
**SAKA GJELD:** **Sal av eiendom i Helse Bergen HF, del av eiendomen gnr. 161 bnr. 15 i Bergen kommune**

**ARKIVSAK:** 2019/6262  
**STYRESAK:** **056/19**

**STYREMØTE:** **23.05.2019**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av to parsellar frå eiendomen gnr. 161 bnr. 15 i Bergen kommune.
2. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Bergen HF, for formelt å vedta sal, jf. lov om helseføretak § 31.

## Oppsummering

Saka gjeld sal av del av eigedom eigd av Helse Bergen HF.

Administrerande direktør tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal i samsvar med vedtak gjort av styret i Helse Bergen HF.

## Fakta

Helse Bergen HF er eigar av eigedommen gnr. 161 bnr. 15 i Bergen kommune. Eigedomen er på om lag 97 mål, jf. vedlegg 1 der heile eigedomen er markert.

To naboar har teke kontakt med føretaket med førespurnad om å kjøpe ein mindre del av eigedomen tilhøyrande føretaket, jf. vedlegg 2. Arealet ligg på toppen av ein skrent bak bygningen «Utsikta» og grensar mot ein kommunal veg. Det står i dag eit eldre garasjehus for to bilar på delar av tomta. Garasjehuset er verken oppført eller eigd av Helse Bergen, men blei sett opp av ein tidlegare nabo etter eit gammalt løyve frå sjukehuset. Naboane som no ønskjer å kjøpe tomta garasjebygget står på, disponerer garasjeplassane i dag.

Ved ein frådelling vil det bli oppretta to delings saker då naboane ønskjer å kjøpe kvar sin parsell, jf. vedlegg 2. Parsell nummer 1 utgjer 21,5 m<sup>2</sup>, medan parsell nummer 2 utgjer 33 m<sup>2</sup>.

Det er lagt fram eit samla bod for parsellane på kr. 163.500,-. Ved fastsetting av salssum er det teke utgangspunkt i ein kvadratmeterpris på kr. 3.000,-. Dette er tilsvarande pris som er tilbydd naboane for kommunal naboeigedom.

## Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretaket, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 millionar kroner er det ikkje naudsynt å leggja saka fram for departementet.

Det er frå Helse Bergen si side lagt til grunn at den aktuelle tomta har liten eller ingen praktisk nytteverdi for føretaket, og den kan ikkje nyttast til andre føremål for helseføretaket.

Dei administrative meirkostnadane og arbeid ved eit slikt sal er av avgrensa betyding. Helse Bergen er kjent med naboane sine planar for tomta og eit nytt garasjebygg vil ikkje vere i konflikt med Helse Bergen sine interesser.

Styret i Helse Bergen HF behandla saka i styremøte 21. mars 2019, sak 32/19A. Det blei gjort følgjande vedtak i saka:

1. *Styret i Helse Bergen vedtar frådelling og sal av to parsellar frå eigedom med matrikkel gnr. 161 og bnr. 15 i Bergen kommune.*
2. *Saka vert sendt til Helse Vest for vidare behandling/godkjenning.*

## Konklusjon

Administrerende direktør tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av dei to parsellane i samsvar med vedtak gjort av styret i Helse Bergen HF.

Vedlegg:

1. Situasjonsplan av eigedom gnr. 161 bnr. 15 i Bergen kommune
2. Situasjonsplan som viser lokalisering av to parsellar naboar ønskjer å kjøpe